



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
68/20	Næring, teknisk og miljøutvalet	29.09.2020

### Hamne - og kaiavgifter

#### Samandrag:

Ny hamne- og farvasslov er gjeldande frå 01.01.2020. Ifølgje denne kan kommunen ta gebyr for sakshandsaming for tiltak etter lova, vederlag for hamnetenester på kommunale kaier og farvassavgift for anløp i kommunens sjøområde.

På grunnlag av ein interpellasjon frå Sande Framstegsparti, Sande Senterparti og Sande Arbeidarparti, har teknisk sektor gjort ei utgreiing av moglegheitene for å krevje inn desse avgiftene. Det er undersøkt kva avgifter nabokommunane tek. Ulstein kommune har ikkje slike gebyr. Herøy, Hareid og Vanylven kommune har vedtatt forskrift for farvassavgift og krev også inn sakshandsamingsgebyr og vederlag for hamnetenester.

Hamne- og farvasslova seier at inntekter og kapital frå hamneverksemnda skal haldast rekneskapsmessig adskilt frå anna verksemd i kommunen.

#### Næring, teknisk og miljøutvalet 29.09.2020:

##### Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

##### NTM- 68/20 Vedtak:

NTM-utvalet vedtek forslag til forskrift om sakshandsamingsgebyr og farvassavgift slik dei ligg ved i saka. Dei to forskriftene vert å legge ut på høyring etter gjeldande regelverk for lokale forskrifter.

##### Kommunedirektøren si tilråding:

NTM-utvalet vedtek forslag til forskrift om sakshandsamingsgebyr og farvassavgift slik dei ligg ved i saka. Dei to forskriftene vert å legge ut på høyring etter gjeldande regelverk for lokale forskrifter.



**Vedlegg:**

Forskrift om sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn for Sande kommune  
Forskrift om farvassavgift

**Saksopplysningar:**

I formannskapsmøte 28.01.2020 vart det lagt fram ein interpellasjon frå Sande Framstegsparti, Sande Senterparti og Sande Arbeidarparti der dei uttrykte ønskje om at administrasjonen greier ut eit hamne- og kairegulativ for kommunen. Innkrevde midlar skal brukast til oppgradering og utvikling av hamner og kaier. Formannskapet vedtok samrøystes å sende interpellasjonen over til administrasjonen for utgreiing.

Ny hamne- og farvannslov tredde i kraft 01.01.2020. Lova sitt formål er: "Loven skal fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Loven skal ivareta nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser".

Nytt i denne lova er mellom anna ein eigen heimel som gir kommunen myndigheit til m.a å regulere ankring, bruk av taubåt og dykking i eige sjøområde. Kommunen kan regulere ferdsel med fritidsfartøy i eige område.

Nytt er også at staten har alt ansvar og myndighet for navigasjonsinnretningar og utbetringar i farvatnet.

Definisjon frå lova:

"Kommunens sjøområde": Område hvor kommunen har planmyndighet etter PBL med unntak av hoved- og biled.

Kystverket sitt digitale kart "Kystinfo" viser hoved- og biled, alt sjøareal utanom er kommunens sjøområde. Kystinfo er ein del av forskrift om farleier, og kartløysinga har dermed status som forskrift.

Aktuelle paragrafar:

**§ 32 – Forvaltning av kapital i kommunalt eide havner**

Med havnevirksomhet menes drift av havn som er åpen for alminnelig trafikk og salg av tjenester knyttet til driften. Kommunen skal holde inntekter og kapital i havnevirksomheten regnskapsmessig adskilt fra kommunens øvrige virksomhet.

**§ 33 – Saksbehandlingsgebyr**

Departementet eller kommunestyret selv kan gi forskrift om gebyr for henholdsvis statens og kommunens behandling av søknad om tillatelse etter bestemmelser i eller i medhold av denne loven. Gebyret skal ikke overskride selvkost.

**§ 29 – Vederlag for havnetjenester og bruk av havneinfrastruktur**

Den som tilbyr havnetjenester og bruk av havneinfrastruktur, skal publisere en oversikt over priser og andre forretningsvilkår. Departementet kan gi forskrift om fastsettelse av vederlag for havnetjenester og bruk av havneinfrastruktur.

**§ 36 – Farvansavgift**

Kommunen kan i forskrift bestemme at det skal betales farvansavgift for fartøy som anløper havn og innretninger for drift av akvakulturanlegg i kommunens sjøområde. I forskriften kan det fastsettes rabattordninger.

Tolking av lova ift kva avgifter/gebyr kommunen kan ta:

1. Sakshandsamingsgebyr for søknad om løyve til tiltak etter denne lova
2. Hamnetjenester som kommunen tilbyr ved kommunale hamner: Kaivederlag, straum, vatn, renovasjon
3. Farvannsavgift for anløp innanfor kommunens sjøområde, gjeld for kommunale og private hamner/kaier.

## 2. SAKSHANDSAMINGSGEBYR FOR SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK

I medhald av Lov om hamner og farvann §§ 33 og 41, med tilhøyrande forskrifter har kommunen høve til å krevje inn sakshandsamingsgebyr.

Hamne- og farvasslova § 14 krev at tiltakshavar må ha løyve til tiltak som kan påverke sikkerheita og ferdsel i farvatnet. Dette gjeld også forsvars- og beredskapsinteresser.

Kommunen behandlar søknader innan kommunen sitt sjøområde.

Kommunen må fatte eige, sjølvstendig vedtak etter hamne- og farvasslova sjølv om tiltaket også er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Desse tiltaka er søknadspliktige etter § 14:

- Innretningar, f.eks akvakulturanlegg, flytebrygger, bruer, luftspenn, røyrledningar
- Naturinngrep, f.eks mudring, utdjuping, utfylling
- Aktivitetar, f.eks slep, regatta, sprenging, omlasting

Berre tiltak som påverkar allmenn ferdsel er søknadspliktige.

### SAKSHANDSAMINGSGEBYR 2020 NABOKOMMUNAR

Alle beløp eks mva.

	HERØY	HAREID	VANYLVEN
Enkle tiltak	1500	3000	3300
Enkle tiltak med synfaring	2500	4000	4600
Større tiltak	2500	4000	5100
Større tiltak med synfaring	4000	6000	7650

**Forslag:** Sande kommune tar same sakshandsamingsgebyr som Vanylven kommune.

Kommunestyret vedtar forskrift om sakshandsamingsgebyr. Forslag ligg ved.

Satsane for sakshandsamingsgebyr blir vedtatt av kommunestyret kvart år som ein del av budsjettet.

### · HAMNETENESTER VED KOMMUNALE HAMNER JFR. §§ 29 OG 32

Hamnetenester omfattar følgjande:

- Kaivederlag
- Vatn
- Straum
- Renovasjon

Kaivederlag er betaling for bruk hamna sin infrastruktur: Kai, kaiareal, fasilitetar og andre anleggsmiddel.

Betaling for vatn, straum og renovasjon er sal av varer og tenester.

## KAIVEDERLAG NABOKOMMUNAR 2020

Alle beløp eks mva.

### HAREID KOMMUNE:

INTERVALL BT	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR
1 – 300	0,72	350
301 - 600	0,58	390
601 - 1200	0,43	648
1201 - 2000	0,41	976
2001 - 3000	0,29	1266
3001 - 5000	0,28	1826
5001 – 10000	0,25	3076
10001 – 20000	0,22	5276
20001 – 30000	0,66	11876
30001 – 50000	0,61	24076
· 50000	0,49	-----

Minstepris kaivederlag yrkesfartøy:

FARTØYSTY P E	PRISSAT S
< 12 m	120
12 – 15 m	235
· 15 m	350

Kaivederlag årsbasis – yrkesfartøy under 20 m:

FARTØYSTY P E	PRISSAT S
< 12 m	9700
12 – 15 m	13500
· 15 m	18600

Vederlag fritidsbåtar:

FARTØYSTY P E	PRISSAT S
< 12 m	175
12 – 15 m	350
3. 15 m	450

**VANYLVEN KOMMUNE: Frå 01.04.2020**

INTERVALL BT	SATS PR. TONN KR
< 5000	0,80
5001 – 10000	0,70
10000	0,60

**Minstevederlag:**

FARTØYSTYPER	PRISSAT
< 15 m	300
15 m	500

Pr påbegynt døgn. Del av døgn på 6 t eller mindre vert rekna for ½ døgn.

**HERØY KOMMUNE:**

INTERVALL BT	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR
1 – 300	0,73	219
301 - 600	0,63	408
601 - 1200	0,47	690
1201 - 2000	0,45	1050
2001 - 3000	0,32	1370
3001 - 5000	0,31	1990
5001 – 10000	0,28	3390
10001 – 20000	0,25	5890
20001 – 30000	0,73	13190
30001 – 50000	0,68	26790
50000	0,55	

Minstepris er 200,- pr. døgn.

**KAIVEDERLAG SAMANLIKNING MELLOM NABOKOMMUNANE:**

	HAREID	HAREID	HERØY	HERØY	VANYLVEN	VANYLVEN
INTERVALL BT	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR UTREKNA
1 – 300	0,72	350	0,73	219	0,80	240
301 - 600	0,58	390	0,63	408	0,80	480
601 - 1200	0,43	648	0,47	690	0,80	960
1201 - 2000	0,41	976	0,45	1050	0,80	1600
2001 - 3000	0,29	1266	0,32	1370	0,80	2400
3001 - 5000	0,28	1826	0,31	1990	0,80	4000
5001 – 10000	0,25	3076	0,28	3390	0,70	7000

10001 – 20000	0,22	5276	0,25	5890	0,60	12000
20001 – 30000	0,66	11876	0,73	13190	0,60	18000
30001 – 50000	0,61	24076	0,68	26790	0,60	30000
50000	0,49	----- -	0,55	----- --	0,60	-----

Forslag: Sande kommune tar same kaivederlag som Vanylven.

## SAL AV VARER OG TENESTER NABOKOMMUNAR FOR 2020

Alle beløp eks mva.

### HERØY KOMMUNE:

#### STRAUM

<b>PRISTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>MINSTEPRIS</b>	<b>PRIS</b>
<i>Straum til skip</i>	<i>Pr. kWt</i>	400	1,60
<i>Tilkoblingsvederlag for straum</i>	<i>Pr. levering</i>		625
<i>Yrkesfartøy gjestebryggene</i>	<i>Pr. døgn</i>	60	60

#### VATN

<b>PRISTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>MINSTEPRIS</b>	<b>PRIS</b>
<i>Ferskvatn til skip</i>	<i>Pr. m3</i>	500	20
<i>Tilkoblingsvederlag for vatn</i>	<i>Pr. levering</i>		625

#### RENOVASJON

<b>GEBYRTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>PRIS</b>
<i>Skip inntil 2000 BT</i>	<i>Pr. anløp</i>	200
<i>Skip over 2000 BT</i>	<i>Pr. anløp</i>	375
<i>Etter levert mengde</i>	<i>Pr. bossekk</i>	110

VANYLVEN KOMMUNE: Prisar frå 2019.

#### STRAUM

<b>PRISTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>MINSTEPRI S</b>	<b>PRIS</b>
<i>Straum til skip</i>	<i>Pr. kWt</i>	400	1,50
<i>Tilkoblingsvederlag for straum</i>	<i>Pr. levering</i>		200

#### VATN

<b>PRISTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>MINSTEPRIS</b>	<b>PRIS</b>
<i>Ferskvatn til skip</i>	<i>Pr. m3</i>	500	15
<i>Tilkoblingsvederlag for vatn</i>	<i>Pr. levering</i>		400

Gjeld straum og vatn: I tillegg vert arbeidskostnader rekna pr. time.

#### RENOVASJON

Vanylven kommune tilbyr renovasjon ved førespurnad. Fakturering skjer i etterkant.

**SAMANLIKNING MELLOM NABOKOMMUNANE:  
STRAUM**

<b>PRISTYPE</b>	<b>HERØY KOMMUNE</b>	<b>VANYLVE N KOMMUNE</b>	<b>HAREID KOMMUNE</b>
Straum til skip pr. kWt	1,60	1,50	1,60
Straum til skip minstepris	400	400	400
Tilkoblingsvederlag for straum	625	200	625

**VATN**

<b>PRISTYPE</b>	<b>HERØY KOMMUNE</b>	<b>VANYLVE N KOMMUNE</b>	<b>HAREID KOMMUNE</b>
Ferskvatn til skip pr. m3	20	15	20
Ferskvatn til skip minstepris	500	500	500
Tilkoblingsvederlag for vatn	625	400	625

**RENOVASJON**

<b>GEBYRTYPE</b>	<b>HERØY KOMMUNE</b>	<b>VANYLVE N KOMMUNE</b>	<b>HAREID KOMMUNE</b>
Skip inntil 2000 BT pr. anløp	200	På førespurnad	200
Skip over 2000 BT pr. anløp	375	På førespurnad	375
Etter levert mengde pr. bossekk	110	På førespurnad	110

**FORSLAG:** Sande kommune tar same gebyr som Vanylven for straum og vatn og same gebyr som Herøy og Hareid for renovasjon.

**FORSLAG TIL GEBYR FOR HAMNETENESTER I SANDE KOMMUNE:**

Gebyra blir vedtatt av kommunestyret kvart år i budsjettet.

**KAIVEDERLAG:**

<b>INTERVALL BT</b>	<b>SATS PR. TONN KR</b>
< 5000	0,80
5001 – 10000	0,70
10000	0,60

**Minstevederlag:**

<b>FARTØYSTY P E</b>	<b>PRISSAT S</b>
< 15 m	300



15 m	500
------	-----

Pr påbegynt døgn. Del av døgn på 6 t eller mindre vert rekna for ½ døgn.

### STRAUM

<b>PRISTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>MINSTEPRI S</b>	<b>PRIS</b>
<i>Straum til skip</i>	<i>Pr. kWt</i>	400	1,50
<i>Tilkoblingsvederlag for straum</i>	<i>Pr. levering</i>		200

### VATN

<b>PRISTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>MINSTEPRI S</b>	<b>PRIS</b>
<i>Ferskvatn til skip</i>	<i>Pr. m3</i>	500	15
<i>Tilkoblingsvederlag for vatn</i>	<i>Pr. levering</i>		400

### RENOVASJON

<b>GEBYRTYPE</b>	<b>EINING</b>	<b>PRIS</b>
<i>Skip inntil 2000 BT</i>	<i>Pr. anløp</i>	200
<i>Skip over 2000 BT</i>	<i>Pr. anløp</i>	375
<i>Etter levert mengde</i>	<i>Pr. bossekk</i>	110

### FARVANNSAVGIFT

Lov om hamner og farvann § 36 seier: "Kommunen kan i forskrift bestemme at det skal betales farvannsavgift for fartøy som anløper havn og innretninger for drift av akvakulturanlegg i kommunens sjøområde. I forskriften kan det fastsettes rabattordninger".

"Farvannsavgiften kan bare dekke kommunens kostnader til

Nødvendig isbryting og fjerning av gjenstander som hindrer sjøtransporten eller er til fare for ferdselen i kommunens sjøområde

Utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter  
Farvannsskilt og navigasjonsinnretninger som kommunen eier"

### FARVASSAVGIFT NABOKOMMUNAR 2020

Alle beløp er eks. mva.

#### HAREID KOMMUNE:

<b>INTERVALL BT</b>	<b>SATS PR. TONN KR</b>	<b>MAKS BELØP KR</b>
1 – 300	0,43	200
301 - 600	0,30	219
601 - 1200	0,26	375
1201 - 2000	0,24	567
2001 - 3000	0,18	747
3001 - 5000	0,15	1047
5001 – 10000	0,14	1747
10001 – 20000	0,14	3147
20001 – 30000	0,36	6747

30001 – 50000	0,34	13547
50000	0,26	-----

#### MINSTEPRIS FARVASSAVGIFT

PRISTYPE	FARTØYSTYPE	PRISSAT S
Minstepris	Fartøy over 15 m	200

#### HERØY KOMMUNE:

INTERVALL BT	PRIS PR. ANLØP
< 50	0
50 – 300	170
301 – 1200	220
1200	280

#### VANYLVEN KOMMUNE: Gebyr frå 01.04.2020

0,33 kr pr. BT  
Minstepris pr. anløp 200,-

Med same intervall som Hareid blir gebyra i Vanylven:

INTERVALL BT	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR
1 – 300	0,33	200
301 - 600	0,33	200
601 - 1200	0,33	396
1201 - 2000	0,33	660

#### FORSLAG TIL FARVASSAVGIFTER FOR SANDE KOMMUNE:

Gebyra blir fastsett av kommunestyret kvart i i budsjettet.

Bruttotonnasje	Pris pr. anløp
< 50 BT	0,-
50 BT – 300 BT	170,-
301 BT – 1200 BT	220,-
>1200 BT	280,-
Ferja Årvik – Koparnes	10% rabatt
Ferja Larsnes – Åram – Voksa – Kvamsøy	10% rabatt

Forslag til Forskrift om farvassavgift for Sande kommune ligg ved saka.

#### Vurdering og konklusjon:

Blant kommunane på Ytre Søre Sunnmøre har Vanylven, Herøy og Hareid innført lokale forskrifter etter hamne- og farvasslova. Ulstein kommune har ikkje slike forskrifter.

Sande kommune er ein kommune med stor båttrafikk og ein god del ferjetraffikk.

Hareid og Herøy brukar Ålesundregionens Havnevesen sine tenester når det gjeld fakturering. Vanylven kommune fakturerer desse gebyra sjølv.

Administrasjonen vil tilrå at Sande kommune innfører forskrifter for sakshandsamingsgebyr og farvassavgift. Dette kan mogleggjere betre standard på kaier og betre kvalitet på farleiene som ligg i kommunen sjøområde.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen

Økonomiske konsekvensar: Kommunen kan få inntekter som kan brukast på kommunale hamner

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Anders Norvald Hammer  
kommunedirektør